



Ungt trekløver som trenar og konkurrerar mykje i lag. Frå venstre Håvard S. Eik, Marit Mehl og Paul Are Ljosnes. (Foto: Magne Eik)

Sist veke deltok dei to unge og lovande skyttarane Paul Are Ljosnes og Håvard S. Eik frå Uskedalen på Landsskyttarstemnet i Steinkjer. Begge er svært fornøgd med eigen innsats, og dei kom i går kveld heim frå stemnet med premiar, og er inspirert til vidare satsing.

Paul Are deltok trass sin unge alder på Landsskyttarstevnet for femte gang. Han kom heim med to beger i det han skaut til beger både i baneskytinga og i felthurtigskytinga (stuparen). Begger i stuparen vart det og på Håvard. I tillegg skaut han til medalje i minneskytinga. Også han var godt fornøgd med baneskytinga. Håvard deltok i sitt fjerde Landsskyttarstevne.

Landskyttarstevnet samla i år om lag 5700 skyttarar frå heile landet. Dessutan er det mange som kombinerer konkurranseskytinga med ferie. Derfor har mange av skyttarane med seg både familie og venner. Såleis hadde Steinkjer heile 20 000 besøkjande den veka stemna varte.

Magne Eik, ein av dei som ferierte, fortel at i alle høve 7 uskedelingar deltok i dette yrande folkelivet. Desse reiste saman med kontigenten frå Omvikdalen skyttarlag, - laget som Paul Are og Håvard er medlem av.

Magne fortel vidare at dei saman med nokre frå Omvikdalen leigte eit hus i sentrum, med gåavstand til dei ulike arenaene. I tillegg budde ein familie i campingvogn som var plassert i hagen der. Dette var dei svært nøgd med, og det er ikkje tvil om at dette gav høg trivselfaktor. Alt var topp, - både buplass og arrangementet elles. Glimrande ferie!

Landsskyttarstemnet roterer mellom faste arenaer. Neste år er stemnet i Førde. Uskedelingane har alt kryssa av på kalendaren. Dei vil sjølvsaft vera med då og.

Av Thor Inge Døssland



Uskedelinger i publikums-skaren på stemnet. Frå venstre Gunnbjørg S. Eik, Eva R. Ljosnes, Tor Eik, Olav A. Ljosnes og Håvard S. Eik.
(Foto: Magne Eik)